



Naturkreftene herja skikkeleg med løeveggen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Vinden var kraftig også i Uskedalen natt til fredag og ei eit av dei hardaste kasta splintra han nordveggen på løa til Rikard Haugland, som bur på Gravene ved Haugland. Veggen vart trykt inn som om borda var eit knippe fyrstikker. Det vart heldigvis ikkje skader inne i løa.**

- Det skjedde klokka fem. Då kom det eit kast som var så kraftig at eg nesten datt ut av senga, seier Eva Haugland til uskedalen.no når ho saumfarer skaden. Fagfolk var fredag ettermiddag på staden for å gje råd om sikring av den skamferte veggen før det kjem ei ny vind-natt og før ein ny vegg kjem på plass.

- Men faktisk tenkte eg ikkje på løa då det smalt, eg tenkte heller på korleis det hadde gått med det store tuntreet som står tett inntil stova. Men lønna står der framleis, som ho har gjort i alle år, fortel Eva. Hoi har ikkje opplevd maken til vind så lenge ho har budd i Uskedalen. Løa vart bygt i 1952, men det var gjort mykje med huset opp gjennom åra og veggen var slett ikkje svekka av tidas tann.

På grunn av mørket vart den øydelagte veggen faktisk ikkje "avslørt" før klokka 13 fredag.

Det blir også rapportert om nye vindfall etter vinden på fredagsnatta – til dømes ved Gravehølen i Uskedalselva. I sentrum ga hagetre tapt for vindkasta.

Av Ola Matti Mathisen



Eva Haugland framfor den øydelagte veggen: - Datt nesten ut av senga!. (Foto: Ola Matti Mathisen)